

# Møtebok – Lom fjellstyre

## TITTELBLAD MØTEBOK FOR LOM FJELLSTYRE

**Møtedato:** 20. mars 2023

**Møtestad:** Norsk Fjellsenter

### Desse var til stades på møtet:

Faste medlemer: Erik Frisvold, Ellen Olasveen, Oluf Reidar Kvålshagen, Frikk Kolden

Varamedlemer: Ingen

Andre:

Møtet vara fra kl.19.00 til kl. 22.30

### Saker som vart behandla:

Sak nr./år: 08/2023 – 16/2023

### Underskrifter:

Vi stadfestar med vår underskrift at det som er ført i sakene 08/2023 – 16/2023 er det som vart vedteke.

### Utskrifter:

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	08/2023	Arkiv nr.:		Møtedato:	20.03.2023
Saksbehandlar:	Eilev Hellekveen				

## Referat og meldingar..

- A. 230213 e-post frå Skred AS. Skredfarevurdering for fjelloppsynshytte i Storådalen, Jotunheimen-Rapport frå Skred AS
- B. 230213 e-post frå miljødirektoratet. Bestandsregistrering jerv 2023-tjenestekjøpsavtale nr. 23087100
- C. 230213 e-post frå miljødirektoratet. Motorferdselkontroll 2023-tjenestekjøpsavtale nr. 23087095
- D. 230221 Sak nr. 03/2023. Offentleg gjennomsyn-Uttak av villrein i tamreinområde i Lom
- E. 230221 e-post korrespondanse mellom Lom fjellstyre, Breheimen NP, Lomseggen sameige og Jo Kolbjørn Sulheim. Representantar til rådgivende utval for verneområdene i Breheimen 2023
- F. 230222 e-post frå Arne Bjørgen. Søknad om løyve til utkøyring av salt-Vårdalen beitelag
- G. 230224 e-post frå statskog. Tilsagn om tilskudd til fjellstyrenes oppsyn i statsallmenninger 2023
- H. 230302 e-post frå Luster RKH. Melding om kjentmannstur Turtagrø-Nørdstedalsseter t/r ID2-Luster RKH med Hafslo RKH og Sogn og Fjordane RK skredgruppe
- I. 230306 e-post frå Luster RKH. Rapport etter kjentmannstur ID2-Turtagrø-Nørdstedalsseter 04.03.23
- J. 230309 kopi av e-post frå Jotunheimen og Utladalen Nasjonalparkstyre. Utbygging av Memurubu kraftverk-merknad til oppdatert motorferdselplan-Kleppconsult v/Johannes Flaata
- K. 230309 kopi av e-post frå Jotunheimen og Utladalen Nasjonalparkstyre. Delegert vedtak-Jotunheimen NP-Dispensasjon motorferdsel 2023-Uttransport av jernrøyr/driftstransport-Memurubu v/Kjetil Sveine
- L. 230309 kopi av e-post frå Jotunheimen og Utladalen Nasjonalparkstyre. Delegert vedtak-Jotunheimen NP-Dispensasjon motorferdsel 2023-snødekt mark-vintertrasport av gjester-Memurubu turisthytte AS
- M. 230310 kopi av e-post frå Jotunheimen og Utladalen Nasjonalparkstyre. Dispensasjon-2023-etablering av basestasjon på Ryggjehøhaugan-Telenor v/Pro Invenia AS
- N. 230310 kopi av e-post frå Breheimen Nasjonalparkstyre. Delegert vedtak-Høyrokampen NAT-2023-Transport av materialer med snøskuter-Birger Eggen
- O. 230310 e-post frå NVE. Breøving-Nigardsbreen og Bøverbreen juni 2023-spørsmål om deltagelse
- P. 230313 e-post frå Odd Repp. Rettighetshavers løyve til transport-søknad om løyve til transport i Høyrokampen naturreservat og i Leir- og Bøverdalens statsallmenning i samband med utviding av fritidshytte ved Bøvertjønnen
- Q. 230311 e-post frå Norges fjellstypesamband. Støtte til tiltak for å gi barn og unge økt forståelse for bruk av utmarksressursene
- R. 230311 e-post frå leder i fjelloppsynsgruppa. Årsmøteprotokoll og medlemsregister frå møte på Værnes 26.01.23

## **Møtebok – Lom fjellstyre**

Tillegg:

- S. 230312 e-post frå Vegar Haugen. Søknad om tilleggsjord på Nordsetra
- T. 230315 Brev frå saubrukarane i Lia. Dyrkingsparsell 158/1/30 i Vårdalen  
statsallmenning i Lom kommune
- U. 230315 Kopi av e-post frå nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen.  
Jotunheimen NP-dispensasjon-motorferdsel 2023-snødekt mark-øvingsplan-Vågå  
Røde Kors Hjelpekorps-tilleggsvedtak øving 9

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	09/2023	Arkiv nr.:	433.1	Møtedato:	20.03.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Høyringssak - Vårdalen statsallmmenning – Merking av turstigar

### Sakspapir:

- E-post frå Statskog SF sendt 8. mars – fjellstyret si uttale i samband med merking av turstigar i Vårdalen statsallmenning.

### Saksutgreiing:

#### Saksutgreiing:

Statskog SF har bede om fjellstyret si uttale i samband med søknad frå Garmo IL om merking av eksisterande turstigar/råk, som m.a. ligg i Vårdalen statsallmenning.

Av søknaden og kartet som er lagt ved går det fram at ein svært liten del av stigen ligg inne på statsallmenningen, men det er truleg eit skilt/sti dele som blir liggande på allmenningen i område Koppskardet og eksisterande merka stig.

I søknaden er det opplyst at dette truleg er stigar som hovudsakleg vil bli nytta av lokalbefolkinga, at området har kulturhistorisk verdi for folket i Garmo og Vårdalen og at ein med litt tilrettelegging ynskjer å få fleire av bygdafolket til å oppdage verdien av dette området.

#### Opplysningar og merknader:

Merking av stigar skal behandlast som ei grunndisponeringssak, jf. §12 i fjellova. Fjellstyret skal ha høve til å kome med uttale, før Statskog tek avgjerd.

Det må merkast at fjellstyret kan uttale seg om alle sidene ved saka, og ikkje berre det som er til vesentleg skade for dei med bruksrett slik som det kan verke som Statskog vil gje utsyn for i e-posten. Fjellstya sitt heimelsgrunnlag framkjem m.a. av §3 i fjellova som legg til grunn at fjellstyret «skal arbeide for å sikre at allmenningen vert brukt på ein måte som fremjar næringslivet i bygda og tek vare på naturvern- og friluftsinteressene.» Fjellstya har etter §3 eit større ansvar, enn å «berre» uttale seg om skadeverknadar for dei bruksberettiga slik som Statskog SF syner å legge opp til.

#### Forslag til uttale:

Lom fjellstyre er positive til rydding- og merking av eksisterande stigar slik som omsøkt, og kan ikkje sjå at dette skal endre bruken av området i slik grad at det gjev vesentlege negative konsekvensar for bruksrettsutøving, naturmangfald eller andre interesser. Vi vonar at dette er eit tiltak som er positivt for friluftsutøving, både for bygdefolk og andre.

Vi ynskjer samstundes å gjere Statskog SF oppmerksame på at fjellstyret ved uttale etter §12 i fjellova både kan- og vil uttale seg om alle sider ved saka, og at dette ikkje er avgrensa til det som «kan vere til vesentleg skade for dei med bruksrett». Fjellstya sitt heimelsgrunnlag framkjem m.a. av § 3 i fjellova som seier at fjellstyret «skal arbeide for å sikre at allmenningen vert brukt på ein måte som fremjar næringslivet i bygda og

## **Møtebok – Lom fjellstyre**

*tek vare på naturvern- og friluftsinteressene.»* Fjellstyret har eit større ansvar, enn å «berre» uttale seg om skadeverknadar for dei bruksberettiga slik som Statskog SF syner å legge opp til.

### **Vedtak:**

Som forslaget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post
- Garmo IL v/ Svein Garmo – som e-post

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	10/2023	Arkiv nr.:	642.0	Møtedato:	20.03.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde/Eilev Hellekveen				

## Forslag til endring av fiskereglane for Vårdalen, Visdalens og Leir- og Bøverdalen statsallmenning.

### Sakspapir:

- Gjeldande fiskereglar for Vårdalen, Visdalens og Leir- og Bøverdalen statsallmenning.

### Saksutgreiing:

I medhald av fjellova regulerer fjellstyret i eit visst monn kven som har tilgang til fiske, kva for fiske som kan utøvast i statsallmenningen, kor mange garn det kan fiskast med og kva tidsrom fiske kan utøvast. På statsallmenningen har vi ein situasjon med avtakande garnfiske og aukande sjølvrekuttering. Dei fleste vatna i statsallmenningen vil kunne dra fordel av hardare beskattning. I fjar opna fjellstyret for garnfiske for utanbygdsbuande på dei fleste vatna, utan at dette resulterte i markant auke i garnfisket.

Å sjå på moglege tiltak som er med på å stimulere til auka fiske med fastståande reiskap, samt legge til rette for utøvinga av dette haustingsbaserte friluftslivet, er ei oppgåve som vert viktigare i tida framover. Om vi ser attende på dei siste tiåra er det ingen grunn til å tru at utviklinga vil snu med det fyrste, og nødvendige tiltak er såleis naudsynt for å få utnytta ressursane på best mogleg måte og om mogleg få opp interessa og rekutteringa kring fisket.

For å stimulere til meir fiske og større uttak ynskjer fjelloppsynet å auke tal garn pr. kort, forenkla regelverket og utvide perioda for garnfiske der dette kan gjerast utan å gå i konflikt med stang- og oterfisket. Vatna på Sognefjellet, Eilevsvatnet, Børjetjernet og Juvvatnet blir vurdert som attraktive vatn for stang- og oterfiske som det ikkje er hensiktsmessig å opne for garnfiske før 31. juli.

På Øvre Nufstjernet, Langtjernet- og Lågtungtjernet på Memurutunga, Hesttjernet og Reinstindvatnet vil fjelloppsynet, med bakgrunn i prøvefiskeresultat og erfaringar elles, foreslå at det bli opna for garnfiske.

### Vidare saksgang:

Forslaget til endring av fiskereglane må varslast og leggjast ut til offentleg gjennomsyn, samstundes som det må innhentast uttale frå innlandsfiskerenemnda til forslaget, før det kan gjerast endeleg vedtak om endringane. Vedtaket må varslast og leggjast ut til offentleg ettersyn med klagefrist før det er gyldig.

### Forslag til vedtak:

Fjelloppsynet vil med bakgrunn i momenta nemnd i saksutgreiinga foreslå følgjande endringar i reglar for garnfiske:

- Auke frå 4 til 6 garn, 40mm. eller større, på vatna Eilevsvatnet, Fantesteinsvatnet, Juvvatnet og Svarttjernet i Dumdalens, Øytjernet. Ekorntjernet og Sjøhesten i Raudalen, Hesttjernet, nordre og søre Trøyse og Fate i Urdadalen.

# Møtebok – Lom fjellstyre

- Auke til 6 garn, der to stk. 24mm. alltid skal være med og resten 29mm. eller større, på Høyøytjern, Hovdelangtjern, Tverrbyttjernet i Bukkebotn, Panna og Troget i Kyrkjepluppen. Inga avgrensing utover haustfredinga.
- Fritt antal garn og fri maskevidde på Høyvatnet og Bøvertunvatnet, men det skal vere med minst 2 garn på 24mm. eller mindre. Inga avgrensing utover haustfredinga
- Inga avgrensing i tidsrom utover haustfredinga på Leirvatnet og Bøvertunvatnet. 29mm. eller større.
- Auke frå 4 til 6 garn og auke frå 35mm. eller større til 40mm. eller større, på Mefjellsvatnet og Vestre Børjetjern.
- Auke frå 3 til 5 garn på Leiråsen og Bøverkinntjerna. 2 stk. 24mm. skal alltid vere med, elles 29mm. eller større.
- Opning for fiske med fastståande reiskap på Øvre Nufstjernet, Langtjernet og Lågtungtjernet. 6 garn, der to stk. 24mm. altid skal være med og resten 29mm. eller større. Inga avgrensing utover haustfredinga.
- Opning for fiske med fastståande reiskap på Reinstindvatnet. 40mm. eller større, ingen avgrensing utover haustfredinga.

Dei samla garnreglane blir med forslaga sjåande slik ut:

Lokalitet	Ant. garn pr. kort	Tidsrom	Lovleg maskevidde
Høyøytjern, Hovdelangtjern, Tjerna Panna og Troget i Kyrkjepluppen, Tverrbyttjernet i bukkebotn, Øvre Nufstjernet, Langtjernet og Lågtungtjernet.	6 stk.	Inga avgrensing utover haustfredinga	2 stk. 24mm skal alltid vere med, elles 29 mm. eller større.
Bøverkinntjerna (Tjønnen) og Leiråstjern	5 stk.	f.o.m.31/7 t.o.m. 19/9	
Svardalstj., Svardalsvatnet, Merrahovatnet, Høgbreavatnet, Høytjerna, Langvatnet, Dalsvatnet *, Kyrkjetjernet, Steinbuatna, Skardalsvatnet, Trondsholtj., Høgvagltjerna, Hinnotetjernet, Liabrevatnet, Semmelholstjern, Tverrbyttjernet i Visdalens, Titongtjernet, Grisletjernet, Leirtjernet på Skauflya og Trollsteintjernet	10 stk.	Inga avgrensing utover haustfredinga	35 mm. el. større
Vestre Børjetjernet, Eilevsvatnet, Fantesteinsvatnet, Mefjellsvatnet, Juvvatnet og Svarttjernet i Dummdalen,	6 stk.	f.o.m.31/7 t.o.m. 19/9	40 mm. el. større
Øytjernet, Ekornetjernet og Sjøhesten i Raudalen, Hesttjernet, nordre og søre Trøyse og Fate i Urdadalen og Reinstindvatnet.	6 stk.	Inga avgr. utover haustfredinga	40 mm. el. større
Prestesteinsvatnet, Sleive, Aurkvee, Skuggevatnet, Nufsvatnet og Rundhaugtjernet	6 stk.	f.o.m.31/7 t.o.m. 19/9	35 mm. el. større
Leirvatnet	10 stk.	Inga avgr. ut over haustfredinga	29 mm. el. større
Storvatnet, Høyvatnet**, Bøvertunvatnet**	Fritt antal		Fri maskevidde

\*På Dalsvatnet kan det i tillegg til 10 garn på 35 mm. el. større, brukast 4 garn på 24 mm. el. mindre. Lom Prestegard har eineretten til garnfiske her.

\*\* På Høyvatnet og Bøvertunvatnet skal det alltid vera med 2 garn på 24 mm. pr. kort.

# **Møtebok – Lom fjellstyre**

Forslaget vert sendt innlandsfiskenemda til uttale, varsla på heimesidene til fjellstyret og lagt ut til offentleg gjennomsyn, med frist 10. april til å kome med merknader.

## **Vedtak:**

Som forslaget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Innlandsfiskenemda i Lom kommune – som e-post
- Lom JFF – som e-post

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	11/2023	Arkiv nr.:	123	Møtedato:	20.03.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Godkjenning av årsrekneskap 2022 for Lom fjellstyre.

Sakspapir:

- Rekneskap for 2022 for Lom fjellstyre.

Rekneskapen vart gjennomgått og kommentert av dagleg leiar og sekretær.

I brev av 8.11.2018 frå Innlandet Revisjon er det presisert at rekneskapen, og også årsmeldinga, må vere signert av heile fjellstyret og dagleg leiar før revisor kan skrive revisjonsmelding. Derfor er rekneskapen ikkje ferdig revidert.

## Vedtak:

Rekneskapen 2022 for Lom Fjellstyre vert godkjent.

Kopi av rekneskapen går til:

- Kommunestyret, Lom kommune.
- Statskog SF
- Innlandet Revisjon

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	12/2023	Arkiv nr.:	046.1	Møtedato:	20.03.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Godkjenning av Årsmelding 2022 for Lom fjellstyre.

Sakspapir:

- Årsmelding for 2022 for Lom fjellstyre.

Årsmeldinga vart gjennomgått og kommentert av dagleg leiar.

### Vedtak:

Årsmeldinga 2022 for Lom Fjellstyre vert godkjent.

Samrøystes.

Kopi av årsmeldinga går til:

- Kommunestyret, Lom kommune.
- Statskog SF
- Innlandet Revisjon

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	13/2023	Arkiv nr.:	335.2	Møtedato:	20.03.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Avtale om fellesjaktavtale med Runningsgrenda grunneigarlag.

### Sakspapir:

- Sak 24/93 – Godkjenning av fellesjaktavtale med Runningsgrenda grunneigarlag
- 19930610 Avtale mellom Lom fjellstyre og Runningsgrenda grunneigarlag om felles jaktavtale

### Saksutgreiing:

I 1993 vart det inngått ei felles jaktavtale mellom Runningsgrenda grunneigarlag og Lom fjellstyre om fellesjaktavtale på tilgrensande areal rundt Leiråsen. Grunnlaget for avtala har gjennom 30 år forandra seg. Dette gjeld m.a. feltinndeling, jakttider bestandstørrelse, områdebruk, praksis for kvotetildeling- og tilleggsdyrordning og lovgrunnlag. Fjelloppsynet meiner at avtala er utdatert og at den ikkje lenger er formålstenleg for fjellstyret og jaktutøvinga på statsallmenningen.

Leir- og Bøverdalen statsallmenning har eit samla areal på til saman 46.250 dekar og er nå delt i tre jaktfelt. Årleg kvote er på omlag 11 elg og 12hjort, i tillegg kjem tilleggsdyr frå viltområdet av både elg- og hjort. Allmenningen har gode biotopar, og store bestandar av både elg- og hjort, og etter fjelloppsynet si oppfatning er det ikkje behov for å måtte inn på andre sin grunn for å felle tildelt kvote. Dette er godt synleggjort ved at fellesjaktavtala i svært liten grad har vore nytta av allmenningsjegerar, og i dei svært få tilfella det har skjedd har det vore i forbindelse med samjakt i grenseområda.

Tildeling av kvote frå viltområda har dei siste år skjedd dels med bakgrunn i areal, og dels med bakgrunn i skotne dyr. Dette med bakgrunn i at små jaktfelt med stor del dyrka mark, som t.d. Runningsgrenda, Sula-Driva, Solsida og Sulheim har hatt høg bestand av elg- og hjort, og vore plaga med beiteskadar. Dette har medført at tildeling av både elg- og hjort og andel vaksne hodyr har vore høgare på dess jaktfelta enn det arealet gjev grunnlag for. Etter fjelloppsynet si meining blir det difor feil om desse dyra da skal kunne skytast på jaktfelt i statsallmenningen, og slik sett kunne påverke både bestandsstørrelsen og aldersfordelinga her negativt.

Det kan sikkert argumenterast for at elgen på Runningane kan opphalde seg på Leiråsen og motsett, men det er nå eingong slik at jaktretten ligg til grunneigar/rettighetshaver i det enkelte område dyret held seg i. Med såpass lang jakttid som vi har i dag, nær ei tredobling av tilhøva på tida avtala vart inngått, bør det være mogleg å felle dyra på eiga jaktfelt. I motsett tilfelle bør kanskje kvota regulerast.

### Behandling:

Oluf Kvålshagen meldte seg inhabil som part i saka og gjekk frå ved behandling av saka.

# **Møtebok – Lom fjellstyre**

## **Forslag til vedtak:**

Lom fjellstyre seier opp fellsjaktavtala med Runningsgrenda grunneigarlag med verknad frå hausten 2024.

Eksisterande avtale er utdatert og samsvarer ikkje med eksisterande forvaltingspraksis med vesentlege endringar i m.a. feltinndeling, jakttider bestandstørrelse, områdebruk, praksis for kvotetildeling- og tilleggsdyr ordninga.

## **Vedtak:**

Som forslaget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Runningsgrenda grunneigarlag – som e-post.

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	14/2023	Arkiv nr.:	612.0	Møtedato:	20.03.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Kortidsjakt etter hjort på jaktfeltet ved Gjende

Sakspapir:

- 04/2020 Kortidsjakt elg- og hjort i Vårdalen, Visdalens og Leir- og Bøverdalen statsallmenning.

### Saksutgreiing:

Fjelloppsynet vil foreslå at jakta på jaktfeltet ved Gjende i Jotunheimen nasjonalpark blir seld som kortidsjakt, i periodar på 5 dagar, frå jaktstart 1. september.

Vi ser at kortidsjakt er attraktivt, og at dette opnar for at ei større breidd av jegerar får anledning til å utøve storviltjakt. Det er ikkje alle som ynskjer, har høve til eller får innpass i eit jaktag. Jaktfeltet ved Gjende har ei beliggenheit med tidkrevjande reiseveg som fordrar avsetting av tid og planlegging. Kvota har siste åra vore ein hjort, med anledning til tilleggsdyr. Ein ser at større jaktag avgrensar aktiviteten til nokre få turar, og at jaktlaga ofte har anna jakt i tillegg. Med kortidsjakt kan ein sikre ei betre utnytting av jaktfeltet og jakttida.

### Vidare saksgang:

Forslaget vert sendt viltnemnda til uttale, varsla og lagt ut på heimesida til offentleg gjennomsyn, med ein frist for å kome med merknader. Når fristen er ute og uttala frå viltnemnda ligg føre, behandlar fjellstyret saka på nytt og legg det endelege vedtaket ut til offentleg ettersyn med ein frist på tre veker til å kome med merknader til vedtaket før det vert gyldig.

### Forslag til vedtak:

Jakta på jaktfeltet ved Gjende vert tilbode til enkeltjegerar/ mindre jaktag i 5 dagars periodar frå jaktstart 1. september, etter reglane som gjeld for kortidsjakt på statsallmenningen:

Hovudjeger:      Tilleggsjeger:      Kilopris felte dyr:  
Kr. 600               Kr. 300               Kr. 87,00

1. Kjøp av jaktkort er ein eingongssum for å få lov til å jakte ein periode. Ved felling av dyr er det oppgjer etter vekt/kg. Innbetalt kortpris kjem til fråtrekk.
2. Jakta vert annonsera på heimesidene til fjellstyret. Når fleire melder seg interessert i same perioden, vert trekking blant søkerane gjort på fjellstyrekontoret. Jegerar som har hatt jakt ein periode eller ordinær jakt på statsallmenning, vert nedprioritert i høve til nye jegerar.
3. Er det fleire søkerar enn kort skal fjellstyret sjå til at det over tid vert ei fordeling 40/60 mellom utanbygds/innanbygds jegerar.

Forslaget vert sendt viltnemnda til uttale, varsla på heimesidene til fjellstyret og lagt ut til offentleg gjennomsyn, med frist 10. april til å kome med merknader.

### Vedtak:

# **Møtebok – Lom fjellstyre**

Som forslaget.  
Samrøystes.

Utskrift går til:

- Viltnemda i Lom kommune – som e-post
- Lom JFF – som e-post

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	15/2023	Arkiv nr.:	335.6	Møtedato:	20.02.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Leir- og Bøverdalen statsallmenning - Reinheimen-Breheim villreinutval – Uttak av villrein i tamreinområde i Lom. Ny behandling

### Sakspapir:

- Brev frå Reinheimen-Breheimen villreinutval sendt 19. januar - Tamrein/villrein i grenseområdet Lom/Skjåk
- E-post 19. februar - uttale frå Lom tamrein AS
- E-post 5. mars – supplerande uttale frå Lom tamrein AS

### Saksutgreiing:

Reinheimen-Breheimen villreinutval har med brev sendt 19. januar bede Lom fjellstyre om å drøfte ei midlertidig ordning for å beskatte villrein som oppheld seg i konsesjonsområde for tamrein, i Leir- og Bøverdalen statsallmenning store deler av jakttida. Førespurnaden er eit resultat av drøftingar og dialog over fleire år, sist i møte 30. november 2022 der representantar frå villreinutvalet, villreinnemda, tamreinlaget og fjellstyret deltok. Bakgrunnen er ulike utfordringar med tamrein/villrein i grensområdet mellom Lom og Skjåk, der grensa mellom konsesjonsområdet for tamrein og villreinområdet går etter høgste fjellryggen frå Lomseggen vestover til fylkesgrensa.

Villreinutvalget peiker på utfordringa med overlappande arealbruk, at villreinbukkane kryssar Lundadalen på vår-vinteren og etter kvart trekkjer inn i konsesjonsområdet for tamrein og held seg her fram til brunsten set inn i september. Dette skjer år om anna i ei tid når Lom Tamrein AS er der med flokken sin, noko som kan gje fare for samanblanding og som skjedde ein gong i mars 2020. Kva framtidsscenario ein kan sjå for seg er uvist, men villreinutvalet meiner ein må vurdere tiltak mot samanblanding og at fjellstyret drøftar ei midlertidig ordning med jakt på sitt område. Dei meiner ei slik ordning kan redusere antal villrein som held til i Lom og såleis redusere sannsynet for samanblanding av villrein og tamrein, at ein kan forhindre at villreinen etablerer seg med simle og kalv i området og at villreinbukkane raskare og i større grad trekkjer over til jaktbart område i Skjåk og Luster.

Om dette kan vere eit aktuelt tiltak skisserer dei desse punkta som bør ligge til grunn i ei eventuell avtale:

- *Dette skal vera ei prøveordning på for eksempel 3 eller 5 år, med årlege evalueringar og evt. oppseiingstid.*
- *Området til Lom Fjellstyre skal ikkje inngå i noko teljande villreinareal, men at fjellstyret, i samråd med villreinutval/villreinnemnd, søker om dispensasjon til respektive mynde/organ.*
- *Jakta bør organiserast enklast råd: Bruke same jegerkontrakt med jakttid, same kategori dyr og liknande –den einaste forandringa er at eksisterande jaktområde for villrein blir utvida.*
- *Aktuelt areal er Lom fjellstyre sitt område nord for Bøverdalen, eller ei gitt høgdekvote, frå grensa i aust mot Lom sameige, vestover nord for Høyvatnet og til grensa til Skjåk eller Luster rundt Merrahøi.*

# Møtebok – Lom fjellstyre

Avslutningsvis blir det opplyst at dei er i dialog med rettshavarane om å opne for ordinær jakt i Luster. Ein del av villreinområdet som grensar til Lom og som har vore freda for jakt i lang tid.

## Vurdering:

Utfordringar og motsetningar mellom tamrein- og villreininteresser knytt til dette området har det i ulik grad vore frå tamreindrifta vart avvikla i Skjåk i 1964 og det vart opna for villreinjakt i 1967, men problemet kan sjå ut til å ha auka siste 10- 20 åra. Det kan sjå ut som villreinbukkane trekker tidlegare over Lundadalen, at det er fleire på talet og at dei held seg i Lom lengere utover hausten. Situasjonen dei siste åra har vore at bukkane kan kome så tidleg som i mars, og at dei held seg i tamreinområdet fram mot, og enkelte år lengerer, enn til 10. september. På det meste har det vore rekna meir enn 200 bukkar i Lom i mai.

Årsakane til utviklinga er sikkert fleire og samansette der naturleg utvikling- og variasjon i områdebruk og beitesyklus hjå villreinen, klimaendringar m.m. er medverkande. Villreinutvalet sitt ynskje om at villreinen skal ta i bruk at områda i vest med tiltak som freding for jakt i Luster og styrt auke av storleiken på villreinstamma kan og ha verka forsterkande. Den sterkeste årsaksamanhengen finn ein truleg i tilhøva som gjev ein sterk seleksjon av villreinbukkane som oppheld seg i Lom. Dyra som held seg lengst i ikkje jaktbart område blir favorisert samstundes som dei som held til på «feil side» blir hardt beskatta. Dette blir etter kvart ei sjølvforsterkande effekt, og vi har nå ein situasjon der det meste av eldre bukk oppheld seg på ikkje jaktbart område heilt fram mot jaktslutt.

På drøftingsmøtet som var avhalde før jul så var det semje om at begge sider ynskjer tiltak for å snu denne trenden, og at det krevst ei eller anna form for beskattning eller uttak. Frå villreinutvalet og villreinnemda vart det fremja påstand om at dette burde gjennomførast som ordinær jakt, med innlemming i jaktvald og tildeling av løyver til Lom fjellstyre. Frå tamreinlaget vart det fremja påstand om at eit slikt uttak burde gjennomførast utanom jakttid, og i størst mogleg grad ha preg av å være eit ekstraordinært tiltak/uttak og at ordinær villreinjakt ikkje samsvarar med tamreinlaget sin rett til bruk av området som er gjeve gjennom konsesjon ved særlov. Som kompromiss vart det semje om at ein skulle gå vidare med å drøfte ei løysing med at ein på visse vilkår opnar for at dei med jaktkort i Skjåk kan få felle villrein som oppheld seg i tamreinområdet i Lom.

Sakshandsamar støttar vurderinga om å ikkje gå inn på ei ordning som opnar for ordinær jakt. Lom fjellstyre har i 100 år leigd ut arealet på statsallmenningen til tamreindrift. Området austover frå Sognefjellet, på sørsida av Hestbrepiggane og Lomseggen har sidan oppstarten i 1923 vore avgjerande for tamreinlaget si drift, særskilt som vinterbeite i tida frå februar til påske i ei tid der andre delar av konsesjonsområdet av ulike årsaker er langt mindre egnar til slik bruk. Å opne for ordinær villreinjakt i eit konsesjonsområde for tamrein kan undergrave legitimen til bruken av området til tamreindrift.

Ei løysing der ein opnar for at dei med fellingsløyve i Breheimen villreinområde på visse vilkår kan få felle rein innanfor konsesjonsområdet for tamrein, vil krevje

# Møtebok – Lom fjellstyre

dispensasjon frå forskrift om jakt, fangst og felling i statsallmenning og dispensasjon frå hjorteviltforskrifta. Miljødirektoratet kan dispensere frå bestemmingane i begge forskrifter. Dersom fjellstyret ynskjer å gå inn på ei slik løysing bør villreinutvalet og Lom fjellstyre, gjennom villreinnemda, rette ein felles søknad til miljødirektoratet. Dette vil tydeleggjere- og forankre fjellstyret sitt standpunkt om at område er, og skal være, forbehalde tamreindrift.

Mykje av bukkane held om hausten til i Høyfjellet, frå Geitå og nordover mot Svartdalstjønna-Merrahøe. Om desse blir jakta på vil trekkvegen gå anten aust, eller vest. Vestover går trekket via område til Luster, der det i mange år har vore freda for jakt. Det vil være uheldig om dette blir eit nytt friområde for bukkane. Om ein opnar for felling på Lomssida bør det oppmodast om at fredninga på tilgrensande areal i Luster blir oppheva.

Søknaden vart varsla og sendt pr. e-post til Lom tamreinlag og Lom JFF den 6. februar, lagt ut og varsla på heimesidene til Fjellstyret. Frist til å kome med merknader var sett til 19. februar. Innan fristen kom det inn uttale frå Lom tamrein AS:

*Lom Tamrein har konsesjon til å drive reindrift i fjellområda i Lom kommune. Tamreinlaget leiger beite av Lom Fjellstyre, Lomseggen sameige og Sulheim i det aktuelle området. Drifta blir regulert av reindriftsloven. Område frå Sognefjellet og framover Lomseggen blir nytta som vinterbeite i tidsrommet frå januar til april. Villreinen har dei seinare åra kome over Lomseggen tidlegare og tidlegare. Dette fører til mykje ekstraarbeid for gjetarane og det er ei stor hugsott for sammenblanding. Tamreinlaget har dei siste åra gjort ei rekke tiltak for å unngå sammenblanding.*

*Som eit tiltak mot sammenblanding mellom villrein og tamrein ser vi positivt på at det blir gjort forsøk på redusere stamma som trekker over til Lom. Lom Tamrein hadde sett at dette vart gjort på ein annan måte enn ordinær jakt. Slik tilhøva er pr dags dato ser det ut som ordinær jakt er en enklaste måten å gjennomføre dette på.*

*I fylge Mattilsynet er den største trusselen mot all rein i Norge CWD. Det er derfor viktig at ein for ein kvar pris unngår sammenblanding.*

*Vi har ein del punkt som det er viktig at det blir teke omsyn til for at vi skal vere positive til tiltaket :*

- *Avgrensa tidspериode 3 år. Må evaluerast og avtale må kunne seiast opp kvart år.*
- *Det må vere eit mål at villteintrekket over til Lom skal opphøye.*
- *Simler og kalvar skytast for at vi skal godta tiltaket.*
- *Sikkerheit for at villreinutvalet og villreinnemnd ikkje arbeider for å redusere reindrifta sine beiteområder.*
- *Tiltaket kan ikkje kallast ``prøveperiode``, men eit ekstraordinært tiltak!*
- *Stutt frist for uttale til fjellstyre. Andre bør og få uttale seg (statsforvaltar, NRL andre grunneigarar, Mattilsynet, etc)*
- *Tamreinlaget bør få eit medlem i villreinnemnda.*
- *Det skal og jaktast på Luster side.*
- *Er det gjort vurderingar i forhold til CWD?*

## Møtebok – Lom fjellstyre

Ein del av punkta i uttala frå tamreinlaget er allereie gjort greie for i saka og synlegjort i forslaget til vedtak. Når det gjeld vurderingar i forhold til CWD er dette noko som sakshandsamer meiner må vurderast, men at desse vurderingane må knytast til sjølve dispensasjonsbehandlinga i regi av miljødirektoratet med støtte frå aktuelle faginstansar som mattilsynet, landbruksdirektorat- og departement. Sakshandsamar legg til grunn at både CWD problematikken, miljørettslege prinsipp og andre aktuelle moment blir belyst- og vurdert i ei eventuell dispensasjonsbehandling hjå miljødirektoratet.

På møte 20. februar gjorde fjellstyret slik samrøystes vedtak:

*«Lom fjellstyre ynskjer å legge saka ut til offentleg gjennomsyn med fylgjande forslag til vedtak:*

*«Lom fjellstyre stiller seg positive til ei prøveordning med formål om å beskatte villrein som oppheld seg på statsallmenningen i Lom, men vil presisere at arealet på Lomssida er tamreinområde og at det ikkje er aktuelt å opne for eller innlemme dette arealet som ein del av jaktområdet og opne for regulær jakt.*

*Lom fjellstyre ynskjer at det i saman med villreinutvalet blir utarbeidd ein felles søknad til miljødirektoratet som skisserar ei løysing på desse premissa:*

- *Formålet med tiltaket er å hindre at villrein etablerer seg i beiteområde for tamrein.*
- *Det blir opna for at jegerar med jaktkort i «Skjåk sør-aust», innkludert eventuelle overgangsavtaler, får felle rein i den delen av Leir- og Bøverdalen statsallmenning som ligg nord for Bøverdalen-Høydalen-Liabrevatnet. Eksisterande jegerkontrakt, reglar, jakttid m.m. blir nytta.*
- *Det skal vere ei ekstraordinær og tidsavgrensa ordning over 5 år, med årleg evaluering og 6mnd. oppseilingstid.*
- *Aralet har status som tamreinområde og det skal ikkje formelt innlemmast i jaktvaldet/ telljande villreinareal. Miljødirektoratet gjev nødvendige dispensasjoner frå hjorteviltforskrifta og forskrift om jakt, felling og fangst på statsallmenning.*

*Lom fjellstyre set vilkår om at det samstundes blir opna for jakt i den delen av villreinområdet som ligg i Luster slik at dette ikkje blir eit «nytt» friområde som reinen held seg i.»*

*Saka blir varsla i lokalavisa og på heimesida til fjellstyret, og sendt Statskog SF, Lom Tamrein AS, Lom JFF og Lom kommune til uttale. Det blir sett frist til 5. mars til å kome med merknader.»*

Lom Tamrein AS har med e-post 5. mars, innan fristen som var sett, kome med slik uttale:

*«Viser til tidlegare uttale.*

# Møtebok – Lom fjellstyre

*Vi meiner dette må omtala som eit ekstraordinært tiltak. Ordet prøveordning kan gje inntrykk av at dette kan bli ei fast ordning på lang sikt. Det må derfor utelata i alle deler av teksten. I ein søknad er det viktig at det kjem fram at eit av formåla med tiltaket er å sikre Lom Tamrein sin arealbruk.»*

Sakshandsamar er ikkje einig i tamreinlaget si tolking av ordet prøveordning og bekymringa om at bruken av ordet kan gje inntrykk av at tiltaket skal bli ei fast ordning på lang sikt. Sakshandsamar meiner vidare at forslaget som var lagt fram i fyrste behandling godt tydelegjer at dette er eit ekstraordinært tiltak med strekpunktet om at «*Det skal vere ei ekstraordinær og tidsavgrensa ordning over 5 år, med årleg evaluering og 6mnd. oppseiingstid.*»

## **Behandling:**

Svanhild Lyngved ba fjellstyret om å vurdere sin habilitet. Fjellstyret fann ho habil til å delta i behandlinga av saka.

## **Vedtak:**

Lom fjellstyre stiller seg positive til ei prøveordning med formål om å beskatte villrein som oppheld seg på statsallmenningen i Lom, men vil presisere at arealet på Lomssida er tamreinområde og at det ikkje er aktuelt å opne for eller innlemme dette arealet som ein del av jaktområdet og opne for regulær jakt.

Lom fjellstyre ynskjer at det i saman med villreinutvalet blir utarbeidd ein felles søknad til miljødirektoratet som skisserar ei løysing på desse premissa:

- Formålet med tiltaket er å hindre at villrein etablerer seg i beiteområde for tamrein.
- Det blir opna for at jegerar med jaktkort i «Skjåk sør-aust», innkludert eventuelle overgangsavtaler, får felle rein i den delen av Leir- og Bøverdalen statsallmenning som ligg nord for Bøverdalen-Høydalen-Liabrevatnet. Eksisterande jegerkontrakt, reglar, jakttid m.m. blir nytta.
- Det skal vere ei ekstraordinær og tidsavgrensa ordning over 5 år, med årleg evaluering og 6mnd. oppseiingstid.
- Aralet har status som tamreinområde og det skal ikkje formelt innlemmast i jaktvaldet/ telljande villreinareal. Miljødirektoratet gjev nødvendige dispensasjoner frå hjorteviltforskrifta og forskrift om jakt, felling og fangst på statsallmenning.

Lom fjellstyre set vilkår om at det samstundes blir opna for jakt i den delen av villreinområdet som ligg i Luster slik at dette ikkje blir eit «nytt» friområde som reinen held seg i.

*Vedtaket kan påklagast jf. vilkåra etter § 28 i forvaltningslova. Ei eventuell klage skal væra skriftleg og sendast Lom fjellstyre innan 3 veker frå saka er gjort kjent. Partar har rett til innsyn i sakas dokument jf. forvaltningslova §§ 18 og 19.*

# **Møtebok – Lom fjellstyre**

Utskrift går til:

- Villreinutvalet i Reinheimen-Breheimen – som e-post
- Lom tamrein AS – som e-post
- Statskog SF – som e-post

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	16/2023	Arkiv nr.:	434	Møtedato:	20.03.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

**Vårdalen statsallmenning. Motorferdsel i utmark i samband med riving av gammal telefonlinje.**

**Sakspapir:**

- E-post 14. mars fra Eidefoss vannkraft. Demontering av telefonlinje Smådalen – Veodalen.

**Saksutgreiing:**

Med e-post 14. mars har Eidefoss vannkraft søkt om løyve til motorferdsel i utmark samband med demontering av den gamle telefonlinja ved Nåvårseter, i Smådalen og i Veodalen. Det er tenkt nytta ei 8 tonns beltemaskin. Kart over telefonlinja er vedlagt søknaden.

Tiltakshaver har vore i dialog med kommunen som har konkludert med at motorferdsel/ transport i samband med riving av telefonline Nåvårseter - Smådalen - Veodalen unntake soknadsplikt i medhald av motorferdsellova § 4 e).

**Opplysningar og merknader:**

Samtykkekompetansa til motorferdsel i utmark, herunder retten til å forby eller redusere motorferdsel i utmark på statsallmenning, ligg til fjellstyret j.f. §12, 3. ledd i fjellova:

*«Rett til å forby eller redusere motorferdsel i statsallmenning for andre enn Statskog SF ligg til fjellstyret. Før fjellstyret tek avgjer, skal Statskog SF, og i tilfelle allmenningsstyret, ha hatt høve til å kome med fråseg i saka.»*

Saka er munnleg avklara med Statskog SF pr. telefon.

Det bør stillast krav om at all kjøring skal skje så skånsamt som råd og at ein i størst mogleg grad nyttar seg av eksisterande kjørespor langs linjetraseen. Utanom eksisterande kjørespor skal all kjøring over myr skje på frossen mark. Eventuelle større kjøreskader i terrenget, djupe kjørspor e.l. skal rettast og istandsettast.

**Forslag til vedtak:**

Fjellstyret synest det er positivt at Eidefoss vannkraft demonterer og fjernar den gamle telefonlinja i Vårdalen statsallmenning, og gjev i medhald av fjelloven §12 rettighetshavers løyve til motorferdsel i utmark slik som omsøkt.

All kjøring skal skje så skånsamt som råd og entreprenør skal i størst mogleg grad nytte seg av eksisterande kjørespor langs linjetraseen. Utanom eksisterande kjørespor skal all kjøring over myr skje på frossen mark. Eventuelle større kjøreskader i terrenget, djupe kjørspor e.l. skal rettast og istandsettast.

**Vedtak:**

Som forslaget.

# **Møtebok – Lom fjellstyre**

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Eidefoss vannkraft – som e-post
- Statskog SF – som e-post